

Høringsuttale om endring i *Lov om stadnamn*

Gausdal dialekt- og mållag har i dag på styremøte drøfta framlegget til endring i Lov om stadnamn.

Vi meiner det er bra at skrivemåten på gardsnamn framleis skal fastsetjast av Statens kartverk. Men vi meiner at dette også må gjelde bruksnamn.

Det står i framlegget til lova at skrivemåten av bruksnamnet skal fastsetjast etter ønsket til grunneigaren eller festaren "hvis det kan dokumenteres at den ønskede skrivemåten har vært i offentlig bruk på stedet".

Om eit namn "har vært i offentlig bruk" er det ikkje dermed sagt at det er eit godt namn. Namna har fått forskjellige skrivemåtar av embetsmenn som ikkje kjende det norske språket og dialektane og skreiv namna på sin måte slik dei fann det for godt. Det er difor for oss nokså meiningslaust at slike skrivemåtar på namn skal kunne leggjast til grunn for å få godkjent nye skrivemåtar. Vi meiner det kan ikkje vera riktig at eigaren av eit bruk skal kunne ta i bruk eit namn som har vore meir eller mindre tilfeldig brukt ein gong i tida.

Vi meiner det må vera riktig at det offentlege, dvs. Statens kartverk, må ha siste ordet i slike namnesaker. Men det forutsett at dei sett seg godt inn i lokale høve og lokal namnebruk, og at dei støttar seg på god lokalkunnskap, når namn skal endrast eller når nye namn kjem til.

Dei norske stadnamna, inkludert gards- og bruksnamn, er av interesse for alle. Namna hører storsamfunnet til, og difor er det ei offentleg oppgåve å fastsetja skrivemåten på desse namna. Gausdal dialekt- og mållag meiner stadnamnlova, slik ho er i dag, forvaltar gards- og bruksnamn på ein god måte. Ho vernar om namna som kulturminne og sikrar den lokale uttalen, som er ein del av kulturarven vår.

Vi ber difor Stortinget om å ikkje gjera endringar i stadnamnlova, men halde fast på namnefastsetjinga slik ho er i dag.

Gausdal den 16. juli 2012.

Anders Bjørge, leiar i Gausdal dialekt- og mållag.